


Vågå kommune | GSV Lemonsjøen

Oppdragsgivar	Vågå kommune
Oppdrag	Utgreiing av ein gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skardå camping
Rapport type	Forprosjekt
Prosjektnr.	08176
Dato	01.11.2009

Utgreiing



Nordplan AS

Telefon 57 88 55 00
Telefax 57 88 55 01

www.nordplan.no
post@nordplan.no

NO 948 081 768 MVA
Bankkonto: 3790 05 03459

Vågå kommune | Utgreiing av ein gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpin og Skardå camping

Innhald:	side	side
1 RAMMER OG RETNINGSLINJER	3	
1.1 Bakgrunn for arbeidet	3	1.3.2 Kommunedelplan 4
1.2 Lokalisering	3	1.3.3 Kulturminne 4
1.3 Godkjende planar og utgreiingar	3	1.3.4 Andre føringar 4
1.3.1 Andre utgreiingar	3	2 PLANFORSLAGET 5

1 RAMMER OG RETNINGSLINJER


1.1 Bakgrunn for arbeidet

Nordplan AS, ved Marina Nybø og Ruth Karin Gunnes Selsjord, utarbeider på vegner av Vågå kommune eit forprosjekt for gang- og sykkelveg langs deler av R51 ved Lemonsjøen.

Føremålet for planarbeidet er å utarbeide eit grunnlag for prosjektering og regulering av ein gang- og sykkelveg mellom Lemonsjøen alpinanlegg og Skardå camping.

1.2 Lokalisering

Anlegget er på ca 2 400 meter og strekkjer seg frå Skardå camping i nord til Lemonsjøen alpinanlegg i sør.



1.3 Godkjende planar og utgreiingar

1.3.1 Andre utgreiingar

Vågå kommune arbeider med ein masterplan for Lemonsjøområdet. Masterplanen søkjer å leggje til rette for heilskapleg planlegging for å fremme reiselivsnæringa i området. Arealanalysen vil inngå som grunnlag for framtidige vurderingar av planområdet og vere ein del av

masterplanarbeidet. I masterplanen for Lemonsjøen er følgjande forhold særskild omhandla:

1. Offentleg / felles infrastruktur: veg, vatn, avløp, el., tele og samferdsel
2. Grønstruktur
3. Allmenne friluftsområde og fritidstilbod: Turstigar, skiløyper, badestrender, naturstiger, utstillingar, fiske, jakt, m.v.
4. Kommersielle fritidstilbod: Alpint, freestyle, golf, ballspel, riding, motor, skyting, sykkel, guiding, aktivitetstilbod m.v.
5. Utbygging av overnattings- og serveringstilbod
6. Marknadsføring, merkevarebygging og vertskapsrolle

1.3.2 Kommunedelplan

I gjeldande kommunedelplan er området gang- og sykkelvegen vil gå gjennom regulert til LNF område med forbod mot spreidd bustadbygging, byggjeområde erverv, og byggjeområde for fritidsbustader.

1.3.3 Kulturminne

Det er eitt registrert kulturminne i området. Dette kjem ikkje i konflikt med forslag til trasè for GSV.

1.3.4 Andre føringar

GSV er planlagt med tanke på at Statens Vegvesen vil drifte vegen i framtida og er planlagt i høve til vegvesenets føringar. Etter kontakt med vegvesenet er GSV i hovudsak lagt 4m frå kvitstripa til R51 for å gje rom for ei eventuell framtidig breiddeutviding av riksvegen. Der kor dette ikkje er mogleg å gjennomføre er det forutsett at breiddeutvidinga vil skje på andre sida av riksvegen om Lemonsjøen.

Kostnadar på planlagt GSV er ikkje vurdert.



Kommunedelplan for området.

2 PLANFORSLAGET

Kommentarar til prosjekterte GSV langs Rv51 ved Lemonsjøen

- Planlagt vegstrekning for gang- og sykkelveg er på rundt 2370 m. Gang- og sykkelvegen er prosjektert slik at lengdeprofilen i hovudsak ligg på ca same høgde som eksisterande veg.
- Avstand mellom eksisterande Rv51 og planlagt GSV er på 4 m, med tanke på framtidig utviding av Rv51. Avstanden vil variere noko pga terreng og avkjørsler. Der kor avstand mellom GSV og Rv er 3 m eller mindre, bør ein vurdere om vegen kan flyttes lenger inn (som fører til større skjeringar) eller om det skal settes opp rekkverk (som må byttes etter kvart etter n-antall år).
- Lengdeprofil til GSV er tilpasset avkjørsler som ligger langs austside av Rv51 på denne strekninga.
- I utgangspunktet vart GSV planlagt slik at den skulle følgje terrenget mest mulig. Den skulle gå over knausen, og ligge tett inntil gjerde til campingplassen. Det anbefalast å ikkje behalde knausen og legge GSV parallelt med Rv. Ein får da betre kurvatur og betre brøytemuligheiter om vinteren.
- Alternativ trasé ved campingplassen er å legge GSV over knausen. Med ein sånn løysning får ein ei uehdig kombinasjon av både bratt kurvatur (stigning på ca 7% på den eine sida og 10 % på den andre, vertikalradius på 100 m på toppen av knausen) og store skråningsutslag og fyllingar. Likevel blir det ein del sprenging av knaus, og det blir både støttemur/fjellside mot campingplassen, og rekkverk på den andre sida av GSV.



- Ca pr.830 – 900, etter avkjørsel.



- Her må det vurderast om man skal behalde avstand (på 4 m) til Rv51 og sette støttemur eller legge GSV nærmare vegen og sette opp rekkverk. Det anbefalast å halde avstand på 4 m og

sette opp støttemur da ein ikkje sparar mykje plass på å sette opp rekkverk, og avstand på 4 m (mellom Rv51 og GSV) er lagt opp med tanke på framtidig utviding av eksisterande veg.

- Ca pr. 915 – 1025. GSV går langs eksisterande sti/avkjørsel, og fortsetter vidare igjen langs vegkant til Rv51.



- Ca pr 1200 – 1300. GSV går langs skråning, og det blir støttemur/fjellside langs kanten på GSV.
- Ca pr 1700 – 1780. GSV går mot parkeringsplassen. Her er det ein bakke, og GSV får ein del stigning (ca 8%) samt fylling på nærmare 2 m på veg mot parkeringsplassen. Viss ein vil ha mindre stigning (med tanke på universell utforming) må GSV begynne å tilpassas enda tidligare, men da blir det enda større fyllingar på denne strekninga.
 - o Alt.1. – legge GSV nærmare Rv (mellom Rv og hytte) med tanke på at utviding av Rv på denne strekninga

leggast mot den andre sida, slik at det skal behaldes nødvendig avstand mellom Rv og GSV.

- o Alt.2. – legge GSV mellom hytte og Rv – avstanden mellom Rv og GSV behaldes (4 m), men det blir 1,5 m frå GSV til hytte. Hytta flyttes lenger inn.



- Frå parkeringsplassen og vidare mot bru er det ganske jamn stigning nedover, og GSV følgjer terrenget. Frå ca pr 2250 til 2300 (frå avkjørselen til bru) er det stigning på ca -3,5% på GSV.

Det ble vurdert fleire alternative løsingar for gangveg/sti under og over bru.

- Alt.1 – legge ein fortau med kantstein mellom Rv51 og bærande konstruksjon til bru. Da må fartsgrense på Rv settes ned (frå 60 km/t til 50 km/t). Det blir 0,5 m rekkverksrom mellom Rv og fortau. Bredde på fortau blir ca 1,5 m. Gangvegen vil da gå vidare forbi skianlegget (ca 50-60 m sør for bru) og det blir overgangsfelt mot parkeringsplassen på slutten av vegen.
- Alt.2 (mest anbefalt) – legge GSV mellom bærande konstruksjonar (vegen vil fortsatt gå under bru), den vil muligens bli litt smalare i strekningar under bru (ned til 3 m) og bærekonstruksjon til bru må forsterkast. For meir nøyaktig prosjektering trengs det meir nøyaktige data for området – avstand mellom stolpene, frihøgde, etc.
- Alt.3 – er å legge GSV over bru, men da får man enda dårligare løysning mtp stigningar (opp mot 15-20 %) særlig på sørsida for bru.
- Frå skibrua blir GSV lagt ut mot veg og som fortau de siste biten før kryssing av R51.

